

## **Til Olje- og energi departementet!**

### **AD. NVE sin plan : « Nasjonal ramme for vindkraft på land »**

Kvinnherad Kommunestyre har sendt eit høyringssvar med eit klart nei til vindkraft i Kvinnherad Kommune, og det er eit standpunkt eg støttar heilt opp om. Vindkraft, med vegar, utskjeringar, oppstillingsplasser og høge turbinar, vil øydeleggje naturen vår til det ugjennkjennelege, og gjev oss i tillegg irreversible skader. Vi har ein natur og eit miljø å ta vare på for både oss her og no, og for våre etterkommarar.

Viser til kommunen sitt gode høyringsnotat, men vil likevel leggje til nokre poeng:

Med vindkraft industrien blir det ofra store naturområder, stikk i strid med FN sine anbefalingar, det kan vi ikkje ta oss råd til. Vindkraft er ein katastrofe for både klima, natur og miljø.

Vi har eit rikt dyre- og fugleliv i vår kommune, som hjort, rådyr, kongeørn, havørn, hubro, falkefuglar, tiur for å nevne nokre. Dei vil få sine habitat øydelagt.

Vi har høge fjell, og bratte lier. Oppe i fjella er det myrområder, som er viktige for insekt og fugleliv/ rasteplass og leveområde for insekt og fugl. Myrene rensar vatn, blir myrene øydelagt får vi meir CO<sub>2</sub> utslepp. Dei samlar vatn i nedbørfylte tider, og hjelper til å hindre rasfare.

Avskoging, gjev tap av fotosyntetisk skog. Skogen er viktig for omdanning av CO<sub>2</sub> til O<sub>2</sub> og karbon. Då må ein ikkje byggje ned naturen, når vi treng den som mest.

Vindkraftindustri er ein veldig resurs- og kraftkrevande industri.

Tall frå Norges Geologiske Un. (NGU) i 2016 viser at til eit turbintårn på 87 m går det med:

475 tonn stål, 36 tonn koppar, 2,6 tonn bly, 1,3 tonn aluminium, og sjeldne jordartar som neodym – 400 kg, dysprosium 80 kg. Dette til tårn på 87 meter høgde, no er det ofte snakk om tårn på 200 - 250 meter høgde, så dess meir materiell går med. Neodym og dysprosium blir funne i bl.a Kina og Mongolia, og medfører svær forureining, store områder ligg øde og forgifta. Koppar blir produsert i Afrika, ofte ved barnearbeid. Svoveldioksid drep planter, forureinar, og medfører sur nedbør. Dette blir feil.

Har og lest at det blir brukt SF<sub>6</sub> (sulphur- hexafluorid)/ flammehemmande middel, mykje brukt i elektrisk industri. 1 kg av dette gjev høg global oppvarming, blir i atmosfæren i 1000 år.

Det blir brukt mykje kompositt plast i turbinane, og med vinger frå 12 til 20 tonn x 3, tonn blir det mykje mikroplast som blir avflassa og spreid i naturen. Jordsmon og beitemark blir forureina, og fleire plasser utanlands, får ein ikkje plukke bær, sopp eller ete kjøt frå dyr som har beita i slike område. Slik vil vi ikkje ha det.

1500 til 3000 liter hydraulikk- og gearolje, kan lett havne på avvegar, forureine i grunnen, og i verste fall havne i grunnvatnet. Drikkevatnet vårt kjem frå fjella våre.

Skuggekast, er ein annan konsekvens av turbinane, er som blinkande lysrøyr, ikkje godt å sjå på. Eit mareritt!

Is og rim med påfølgjande iskast, farleg for folk og dyr, 150 g i stor fart, er nok til å bli slegen i hel. Glycol, som avisingsmiddel, er også forureinande når det går rett i grunnen.

Den dagen turbinane er utsletne, blir dei transportert ein eller annan plass for nedgraving, gjerne i Afrika, for ein billig penge, ute av auga, ute av syn. Dobbelmoral!

Vindturbinane medfører stygge helseskadelege konsekvensar som høg lyd. 45 desibel, mot andre land, maks 35 desibel. I tillegg kjem lyd vi ikkje kan høyre, infralyd. Dette er det forska på i fleire land, som Russland, Kina, Canada, Tyskland og Danmark. Nevner her : Redusert hjerteaktivitet med opptil 20 % , blodtrykk stigning, vektauke, diabetes, hjertekarsjukdom, nedsatt livskvalitet, søvnvanskar, nedsatt yteevne, angst, svimmelhet, tinnitus (øyresus), høyrskader, trykk i øyrene. Søvnvanskar fører fort til depresjon og medisinbruk. Epilepsi kan vere ein annan stygg konsekvens. Det er vanskeleg å beskytte seg frå det ein ikkje kan høyre, og breier seg gjerne 3 km frå ein turbin.

Sjølv arbeider eg innan helsevesenet, og er forundra over at dette ikkje blir teke tak i her i Noreg, ved Helse- og omsorgsdept. Målet må vere god folkehelse og god livskvalitet.

Eg er fødd og oppvaksen på ein gard i Kvinnherad kommune, ein fantastisk kommune med ein fantastisk natur. For nokre få år sidan søkte naboane mine og eg, om å få byggje eit minikraftverk. Dette blei i 2014 avslege av NVE pga. at det verka inn på eit INON område, hekkande storfugl, raudlistetrua mose/ lavartar. Heilt akseptabelt, men det hadde vore eit lite inngrep, samanlikna med vindkraft industri, sprenging av fjell, utskjeringar og irreversible skader.

I generasjonar før meg har familien drive gardsbruk, og forfedrane såg den samme naturen vi har i dag, sjølv om infrastrukturen i dag, er endra og utvikla.

Som ein Seattle høvding, litt fritt, sa det for 200 år sidan: « korleis kan ein kjøpe eller selge himmelen, eller varmen frå jorda? Vi eig ikkje reinheita i lufta eller glitteret i vatnet, vi bestemme kun i vår tid». Naturen har vi til låns!

I Kvinnherad kommune produserer vi mykje energi frå vasskraft, 3 % , av totalen i landet, så vi yter vår skjerv til felleskapet. Gje Vasskrafta betre skattefordeler (59%), (mot 22% for vindkraft), slik at dei kan oppgraderast , med langt mindre naturinngrep, enn det vindkraftindustrien står for. Dette må takast alvorleg, og må opptil brei diskusjon i Stortinget. Ikkje bryt ned lokaldemokratiet!

EG seier : Nei til vindkraft i Kvinnherad Kommune! Nei til vindkraftutbygging i Noreg, då det finns betre løysingar!

Med venleg helsing

Astrid Døssland Uskedal/ Bergen

